



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellestråd

Til Alver kommune

Knarvik den 14.05.20

Økonomisk tilskot til Alver kyrkjelege fellestråd i samband med 1. tertialvurdering 2020

Alver kyrkjelege fellestråd (Alver KF) sender eit oppdatert brev om det økonomiske behovet i samband med gjennomgang av resultatet frå 1. tertial 2020.

Kyrkja gjekk inn i 2020 utan å ha alt nytt på plass, og det var ganske mykje arbeid som sto att. Kyrkja har ein stor motivasjon om å vidareutvikle sin de-sentrale organisasjon med 5 sokn, 6 kontorstader, 14 kyrkjer og 25 gravplassasar spreitt ut over heile kommunen.

Vi er om lag 35 tilsette i fellestrådet (+ 9 prestar), 5 sokneråd, eitt fellestråd, hundrevis av frivillige og mange deltakarar på alt det som skjer i kyrkjene i kommunen. Det er viktig å understreka at sjølv om gudstenester er viktige – og ofte får stor merksemd, så er det mykje anna som skjer i kyrkjene. Gravferder, dåp, vigsel, konfirmantar, konsertar, barnekor og diakonalt arbeid blant vanskelegstilte, for å nemne noko. Vi har også ein aktiv gjeng som arbeider ute heile året med å ordne til gravferdene og ta vare på uteområda og bygga våre. Denne store bredda krev mykje ressursar å drifte og utvikle.

Vi må også særskilt nemne Knarvik kyrkje, som nå verkeleg er i ferd med å bli ei 7 dagars kyrkje med aktivitet seint og tidleg. Det er ei krevjande kyrkje å drive, men sjølvstakt bra for arbeidet vårt.

Kyrkja i Alver er oppteken av å vera ei folkekyrkje. Vi har stort fokus på å leggja til rette for ei verdig gravferd for alle uavhengig av livssyn, tilby konsertarenaer i heile kommunen, ha ein god og open konfirmantundervisning, og at vi har aktive og levande trussamfunn. Vi vil understreka at vi er på plass i nesten heile kommunen, og vi trur det både er bra for kyrkja og for utviklinga i Alver kommune.

Alver kyrkjelege fellestråd sendte søknad om økonomisk tilskot for 2020 i september/oktober 2019, og i april 2020 sendte Alver KF eit nytt brev om kyrkja sitt økonomiske behov i 2020. Vi peika der på at kyrkja har ein krevjande økonomisk start. Vi har no hatt ein gjennomgang av resultatet pr 1. tertial 2020 og vil gje tilleggsinformasjon.

Kyrkja har endå ikkje kunna fakturere festavgift, nokre tilskot er forsinka og korona-stoppen gjer at utleiige inntekter er små. Men dersom inntekter resten av året kjem som i årsbudsjettet, og vi er forsiktig med utgiftene, så viser siste årsprognose eit underskot på om lag 100.000 kr. (dette er eit budsjett som ikkje har ekstra ressursar til gravplass Meland eller vedlikehald bygningar.)

Budsjettet tar ikkje omsyn til at Lindås KF fekk eit underskot i 2019 på 1,1 mill kr. Dette underskotet gjer at det ikkje er nok feriepengeavsetning i balansen. Vi ser nå at avsetning til feriepengar i rekneskapen har gått med til å betale for andre utgifter i 2019. Det gjer at Alver KF har stort behov for likviditetstilførsel. Den millionen vi har søkt om er i alle fall ikkje for mykje. *Dersom kyrkja også skal ha pengar til kyrkjebygga resten av 2020 bør vi ha eit ekstra tilskot på 1,5 mill kr.*

Vi vil også minna om at kyrka på Radøy i 2019 tilsatte ein diakon i 80% stilling. Det var eit stort behov for denne diakontenesta, og både kyrkja og Radøy kommune var samde om dette. Radøy kommune ga eit økonomisk tilskot til stillinga, og kyrkja rekna med at det tilskotet blei vidareført av Alver kommune. Slik det er no trur vi ikkje at Alver kommune har gjort det.

Vedlikehaldsplan

Som nevnt har fellesrådet ansvar for 14 kyrkjer. Dette er store og til dels gamle bygg med kontinuerleg trong for vedlikehald. I budsjettet for 2020 klarte vi å setje av kr. 180 000 til vedlikehald. Med så mange bygg oppstår det heile tida trong for utbetringar som ikkje kan setjast på vent og posten er no på det næraste brukt for 2020.

Kommunestyret har bedt om at vi lager ein vedlikehaldsplan for kyrkjebygga. For Meland kyrkje har vi no fått støtte fra KA slik at det vert utarbeidd ein fullstendig tilstandsrapport for dette bygget. Dette kostar kr. 50 000 men fellesrådet skal berre betale ein liten eigenandel.

Vi har tatt kontakt med Ing.Taule AS for å få laga ein forenkla vedlikehaldsplan for dei øvrige kyrkjebygga. Prisen for dette er kr. 18 000 per bygg + reisekostnader eks. mva. *For dei resterande bygga skulle vi då kunna få gjort dette arbeidet for ca kr. 250 000.* Dette er ikkje ein fullgod tilstandsrapport men slik vi vurderer det godt nok til å lage ein plan for det mest naudsynte vedlikehaldet for dei første åra.

Kyrkja søker om (oppdatert frå søknaden i april):

- 1- Driftstilskot for 2020 aukar med kr 1,6 mill. til kr 24,1 mill. kr (som i søknaden frå 2019)
- 2- Eit eingongstilskott på kr 1,5 mill kr. til likviditet og løpande vedlikehald på kyrkjene
- 3- At meir-kostnadene for ny kyrkjeverje dekkes med eit årleg beløp på kr 150.000,.
- 4- Tilskot til utarbeiding av vedlikehaldsplan på kr 250.000,.

Med venleg helsing

John Fredrik Wallace
Kyrkjeverje